

Eksamen

27.05.2020

LBR3003 Gardsdrift / Gårdsdrift

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

| | |
|--------------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kjelder | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Vedlegg 1 (Økonomisk oversikt) |
| Vedlegg som skal leverast inn | Valfritt - Vedlegg 1 for oppgåve 2 |
| Informasjon om vurderinga | <p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive og grunngi vala du tar. <u>Det er svært viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene.</u></p> <p>Du viser elles kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva.• ta med ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva.• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine.• beherske relevante grunnleggjande ferdigheiter.• bruke eksempl der dette er relevant.• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte. |
| Andre opplysningar | Oppgåvesettet inneheld oppgåvene 1, 2, 3, 4 og 5 som skal svarast på. <u>På oppgåve 2 kan du velje om du vil føre berekningane inn i vedlegg 1 og levere dette, eller føre berekningane inn i sjølve svaret på oppgåva.</u> |

«Case» / bakgrunn for oppgåva:

Ola er 30 år og har nettopp overteke garden etter mor si. Han er rørleggar og nyutdanna agronom gjennom vaksenagronomkurs. Han er gift med Oline som er 29 år, og som jobbar som veterinær.

Ola og Oline er begge svært interesserte i gardsdrift. Dei har to barn som går på barneskulen.

Garden har vore ute av drift i eit par år, men dei ønsker å starte opp drifta att. Dei ønsker å ha minst ein husdyrproduksjon.

Morsgarden til Ola har følgjande ressursar:

- 200 dekar fulldyrka jord
- 100 dekar innmarksbeite
- 800 dekar utmark, av dette 200 dekar produktiv skog
- Moglegheiter for nydyrking av om lag 50 dekar
- Det er også gode moglegheiter for å få leige 200 dekar fulldyrka jord
- Driftsbygning for mjølkeproduksjon er eit gammalt båsfjøs som i dag blir brukt som lager.
- Mjølkekvota i dag er på 160 tonn og er leigd ut til neste år.
- Driftsbygning for sau er frå byrjinga av 1980-talet. Dette er eit kaldfjøs med talle. Det er plass til 200 vinterfôra sau.
- Reiskapshus og garasje av nyare dato.

Kvar i Noreg garden ligg, og andre opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du føresette sjølv.

Oppgåve 1

Ola og Oline diskuterer om dei skal utvide dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på garden. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast. Drøft kort alternative aktuelle driftsformer, og gjer eit grunngitt val av framtidig omfang og driftsform på garden.

Oppgåve 2

Ut frå valet av driftsform du gjorde i oppgåve 1 skal du setje opp eit økonomisk oversyn som resulterer i driftsoverskot jordbruk.

Vis kva for berekningar du gjer.

Til dette kan du bruke skjemaet som er lagt ved: (Vedlegg 1: Økonomisk oversyn).

Du skal ha med:

- a) Samla dekningsbidrag
- b) Produksjonstilskot for husdyrproduksjonen/husdyrproduksjonane du har valt (vis utrekningar)
- c) Kva for andre tilskot kan det vere aktuelt å søke om?
- d) Føreset faste kostnadar utan avskrivningar
- e) Beskriv avskrivningar. Føreset verdiar og rekn ut avskrivningar på denne garden.
- f) Driftsoverskot

Oppgave 3

- a) Føreset og beskriv 3 tiltak for energiøkonomisering som kan gjerast på garden til Ola og Oline.
- b) Drøft moglegheitene for bruk av fornybar energi på denne garden.

Oppgave 4

- a) Dei vurderer å levere produkta frå garden gjennom landbrukssamvirket. Drøft fordelar og ulemper med denne omsetningsforma.
- b) Vurder også moglegheiter for vidareforedling av produkt lokalt på garden, og direkte sal til forbrukar.

Oppgave 5

Kva for forsikringar meiner du det er lurt at Ola og Oline har for den planlagde drifta og eigedommen? Gi grunn for svaret.

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-------------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Vedlegg 1 (Økonomisk oversikt) |
| Vedlegg som skal leveres inn | Valgfritt - Vedlegg 1 for oppgave 2 |
| Informasjon om vurderingen | <p>Når du løser oppgavene, må du beskrive og begrunne valgene du tar. <u>Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.</u></p> <p>Du viser ellers kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven.• ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.• gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine.• beherske relevante grunnleggende ferdigheter.• bruke eksempel der dette er relevant.• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en formålstjenlig og pålitelig måte. |
| Andre opplysninger | Oppgavesettet inneholder oppgavene 1, 2, 3, 4 og 5 som skal besvares. <u>På oppgave 2 kan du velge om du vil føre beregningene inn i vedlegg 1 og levere dette, eller føre beregningene inn i selve besvarelsen.</u> |

«Case» / bakgrunn for oppgaven:

Ola er 30 år og har nettopp overtatt gården etter sin mor. Han er rørlegger og nyutdannet agronom gjennom voksenagronomkurs. Han er gift med Oline som er 29 år, og som jobber som veterinær.

Ola og Oline er begge svært interessert i gårdsdrift. De har to barn som går på barneskolen.

Gården har vært ute av drift i et par år, men de ønsker å starte opp drifta igjen. De ønsker å ha minst en husdyrproduksjon.

Morsgården til Ola har følgende ressurser:

- 200 dekar fulldyrket jord
- 100 dekar innmarksbeite
- 800 dekar utmark, herav 200 dekar produktiv skog
- Muligheter for nydyrking av om lag 50 dekar
- Det er også gode muligheter for å få leie 200 dekar fulldyrka jord
- Driftsbygning for melkeproduksjon er et gammelt båsfjøs som i dag brukes som lager.
- Melkekvoten i dag er på 160 tonn og er utleid til neste år.
- Driftsbygning for sau er fra begynnelsen på 1980-tallet. Dette er et kaldfjøs med talle. Det er plass til 200 vinterfôra sau.
- Redskapshus og garasje av nyere dato.

Hvor i Norge gården ligger, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

Oppgave 1

Ola og Oline diskuterer om de skal utvide dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på gården. En forutsetning er at all dyrka mark på gården skal drives. Drøft kort alternative aktuelle driftsformer, og foreta et begrunnet valg av framtidig omfang og driftsform på gården.

Oppgave 2

Ut fra valget av driftsform du gjorde i oppgave 1 skal du sette opp en økonomisk oversikt som resulterer i driftsoverskudd jordbruk.

Vis hvilke beregninger du foretar. Til dette kan du bruke vedlagte skjema: (Vedlegg 1: Økonomisk oversikt).

Du skal ha med:

- a) Samlet dekningsbidrag
- b) Produksjonstilskudd for husdyrproduksjonen/e du har valgt (vis utregninger)
- c) Hvilke andre tilskudd kan det være aktuelt å søke om?
- d) Forutsett faste kostnader uten avskrivninger
- e) Beskriv avskrivninger. Forutsett verdier og regn ut avskrivninger på denne gården.
- f) Driftsoverskudd

Oppgave 3

- a) Forutsett og beskriv 3 tiltak for energiøkonomisering som kan gjøres på gården til Ola og Oline.
- b) Drøft mulighetene for bruk av fornybar energi på denne gården.

Oppgave 4

- a) De vurderer å levere gårdens produkter gjennom landbrukssamvirket. Drøft fordeler og ulemper med denne omsetningsformen.
- b) Vurder også muligheter for videreforedling av produkter lokalt på gården, og direkte salg til forbruker.

Oppgave 5

Hvilke forsikringer mener du det er lurt at Ola og Oline har for den planlagte driften og eiendommen? Begrunn svaret.



www.vigoiks.no/eksamen